

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss.

Emne: ...Jeger og jaktstyr.

Bygdelag: Kvittlæ.

Oppskr. av: Johannes Lid

Gard: Lid.

(adresse): Botanisk Museum, Oslo. G.nr. 189. Br.nr. 3.


A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Da eg i 1909 var på jakt i Torfinnsfjella på Voss i lag med Anders Sjurson Lid (f.1890), kom vi over ein rein som låg og sov på ei snøfonn. Vi skaut han, og eg hadde ikkje da, og heller aldri sidan nokon tanke om at det var gale gjort.
3. Heime hos oss var det aldri tale om å gå på jakt etter matnyttigt vilt ein søndag. Annleis kunne det ha seg om det galdt rovdyr, serleg større rovdyr, da galdt korkje helg eller yrke.
6. På den under 1 omtala jaktturen i 1909 med Anders Lid kom vi tidleg om morgonen utetter vegen under Græe, og der møtte vi ei kone. Nei no skal du sjå at me får ikkje noko, sa han Anders. Eg som da var 23 år hadde aldri høyrte om at det var så uheldig å møte eit kvinnfolk først når ein tok ut på jakt.
29. Det har ikkje med visse vore sett bjørn i Vossafjella sidan den som han far, Ola G. Lid (1859-1928) var med og skaut i 1888 (eller det var i 1889). Dei skaut han i Vollebotnen i Raundalen, og køyrde han heim til Lid. Ho mor møtte opp med oss borna borte i Bortegardstunet, og eg fekk rida på bjørnen da dei køyrde inn i tunet vårt. Skinnet vart selt til Amerika, og bjørnen skal stå utstoppa i eit museum i Minneapolis.

Oslo 23. mai 1961.



16286